

Årleg melding

Brukarutvalet Helse Fonna 2019

## Samansetjing av utvalet

### Medlemmer

Grete Müller (leder)	SAFO Sørvest
Kristine Sele (nestleder)	Pensjonistforbundet
Janne Anita Steindal Jensen	FFO Rogaland
Heidi Larsen Wåge	Kreftforeininga
Laila Stensletten	FFO Hordaland
Kjell Inge Bringedal	SAFO Sørvest
Erling Netland	RIO
Else-Berit Helle	FFO Hordaland

### Varamedlemmer

Karin Olsen Vikse	Pensjonistforbundet
Ana Ekrem	Kreftforeiningen
Jan Bjørn Fiskå	FFO Rogaland
Geir Tore Søreide	SAFO Sørvest
Mette Lambach	FFO Hordaland
Frode Winther	RIO

## Administrasjonen i Helse Fonna

Kari Ugland, Samhandlingssjef  
Sølvi Torvestad, Samhandlingskoordinator

## Saker, oppgaver og aktivitet

Brukarutvalet har hatt åtte møte i 2019 og like mange møte i eit arbeidsutval (AU) for å førebu møta.

Sidan brukarutvalet vart oppnemnt på ny i januar med fem nye medlemmar og like mange varamedlemmar vart dei fyste møta brukte til å bli kjende med Helse Fonna sin administrasjon og organisasjon. Vi kom raskt i gang med å laga ein handlingsplan for 2019, der anbefalingane frå det førre brukarutvalet, utskrivingsklare pasientar og pasientreiser blei tatt med som viktige fokusområde.

Me har fått ein gjennomgang av oppdragsdokumentet for 2019 og fått innsikt i kva kvalitet- og pasientsikkerheit i røynda inneber, og korleis Helse Fonna arbeider med å redusere pasientrelaterte skader i sin organisasjon.

Brukarutvalet sine medlemmer er aktive i ei rekke prosjekt og interne utval, og ein del av møta i brukarutvalet vert brukte til å informere kvarandre og dele erfaring om saker og hendingar som vert diskuterte i dei ulike utvala. Involvering og diskusjon i brukarutvalet er med på å skapa læring og auka kompetanse som brukarrepresentantar.

Møtet 24. oktober var et fellesmøte med brukarråda og ungdomsrådet til Helse Fonna, der me hadde fokus på status for pakkeforløp i psykisk helsevern, barn som pårørende, forslag til ny lov om å avgrensa tvang og korleis behandlingstilbodet ved akuttavdelingane på Valen og i Haugesund er organiserte.

I juni deltok brukarutvalet på Helse Fonna sitt styremøte saman med ein representant for Ungdomsrådet. Brukarutvalet hadde på førehand sendt inn spørsmål til administrerande direktør Olav Klausen om foretaket si bruk av erfaringskonsulentar innan psykisk helse og rus, og korleis arbeidet virka inn på medikamentfri og konvensjonell pasientbehandling ved foretaket. Eit anna spørsmål var om kor mange av pasientane som vert søkte inn for behandling innan psykisk helse og rus, vert i røynda avviste. Det vart og teke opp med styret om korleis foretaket kan håndtere korridorpatientar og utskrivingsklare pasientar for å betre logistikken i pasientbehandlinga. Administrerande direktør Klausen sine svar ga oss i brukarutvalet ny og betre kunnskap om drifta ved Helse Fonna HF.

## Andre møte

I mars vart det og arrangert ein felles opplæringsdag for dei nye brukarutvala i regi av Helse Vest, der eigardirektør Ivar Eriksen orienterte om det regionale føretaket sin oppbygging og organisering, og korleis føretaksmodellen verkar gjennom styringsdialog og dei regionale strategi- og utviklingsplanane.

Brukarutvalet deltok og med seks medlemmar på ein to-dagars konferanse på Sola i august saman med Regionalt Brukarutval (RBU) og brukarutvala (BU) frå dei andre helseføretaka i Helse Vest. Tema var pasientsikrings- og kvalitetsarbeid i Helse Vest. Leiar for brukererfaring ved UKOM (Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstjenesten), Linn Bæra, held innlegg om korleis kommisjonen vil bruke pasient- og pårørende sine erfaringar for å betra pasienttryggleiken. Oppdraget til UKOM er meint å bidra til læring og førebygging av alvorlege hendingar i sjukehus og kommunar i heile landet.

På Flesland arrangerte det regionale brukarutvalet i Helse Vest møte i Leiarforum i juni og november for leiarar og nestleiarar i BU-ane i Helse Vest, der brukarutvalet til Helse Fonna og var representert. Leiarforum kom i stand i noverande form i 2018 for at BU-ane i vår region skal få betre moglegheit til å utveksle erfaringar, lære av kvarandre og utvikla brukarmedverknad i dei ulike helseføretaka.

## Fokusområde for utvalet i 2019

Utskrivingsklare pasientar  
Korridorpatientar  
Fristbrot  
Følgje opp pakkeforløp innan psykisk helse og rus  
Pasientreiser  
Bygg 2020  
Redusere tvang i pasientbehandling  
Oppfølging av «den gylne regel»  
Alvorlege hendingar i pasientbehandlinga

## Temasaker i 2019

På møta i brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:

- Pasientsikkerhet
- Kommunikasjon på nett
- Prosjektet «Vel møtt»
- Pasient- og brukerombudet Rogaland
- Status for Pakkeforløp i Psykisk Helsevern
- Akuttavdelingene i Psykisk Helsevern
- Oppfølging av barn som påørende
- Bygg 2020
- Nasjonale helse- og sjulehusplan 2020-2023
- Bruk av Skype som alternativ til fysiske møte
- Samhandlingsavtaler og revisjoner
- Oppfølgingsteam i Suldal kommune

## Samhandlingsutvalet

Samhandlingsutvalet har som mål at brukarane skal oppleve ei samanhengjande helseteneste på tvers av forvaltningsnivåa. Brukarutvalet er representert i utvalet ved Heidi Larsen Wåge og Nils Magne Kloster som faste representantar.

I 2019 blei Strategisk toppleiarforum arrangert i Tysvær der temaet mellom anna var helsefellesskap – etter ein avtale som nyleg kom i stand mellom KS og HOD om arbeidsdeling mellom kommunar og helseføretak. Klinikkdirktør Reidun Mjør snakka om korleis kommunane og helseføretaket kunne arbeida saman om å redusere unødige pasientinnleggingar, ei betre legemiddelsamstemming, meir samanhengande pasientforløp og meir forpliktande hospitering av helsepersonell, både i kommunehelsetenesta og i sjukehusa. Administrerande direktør i Helse Vest, Herlof Nilssen, informerte om IKT-prosjektet AKSON i regi av E-helsedirektoratet og moglegheitene som ligg i ein felles IKT-plattform, som både kunne nyttast av kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Fastlege Harald Bjarne Hellesen frå Suldal fortalde om arbeidet med å skaffe pasientane ei korrekt legemiddelliste, og korleis samhandlingsøvingar mellom kommunal legevakt og sjukehus og bruk av same slags utstyr var med på å betre beredskapen i hans distrikt.

## Brukarmedverknad i helseforskning

Forskningsseksjonen har oppretta eit brukarpanel som består av inntil fem brukere samt forskere og rådgiver for forskningsseksjonen og forskningskoordinator. Brukarpanelet skal bidra til god brukarmedverknad i forskning. Medlemmene oppnevnes av leder for Seksjon for forskning og innovasjon i samarbeid med brukarorganisasjonene.

## Brukerutvalet har gjeve høyringsuttale til

- Rapporten om Kreftkirurgi og annen elektiv kirurgi i Helse Vest
- Regional plan for Kvalitet og pasientsikkerhet
- Kommentarer til foretakets årlege melding

## Pressemelding

I forbindelse med at helseforetaket har hatt rekordmange utskrivingsklare pasientar dette året, noko som har opptatt senger og forsinka pasientbehandlinga, sende brukearutvalet ut ei pressemelding i midten av september. Det fekk oppslag i Haugesunds Avis.

## BU deltaking i utval/ prosjekt

Utval/ prosjekt	Namn på BU-deltakar	Namn på leiar
Samhandlingsutvalet	Heidi Larsen Wåge Nils Magne Kloster	Kari Ugland
Tvisteløysingsorgan SU	Laila Stensletten Else Berit Helle	
Toppleiarforum	Grete Müller Kristine Sele (vara)	Kari Ugland
Arbeidsutvalet for koordinerande enhet for habilitering og rehabilitering	Kjell Inge Bringedal	Sølvi Torvestad
Kvalitetsutvalget	Grete Müller Else Berit Helle (vara)	Haldis Økland Lier
Klinisk etikk-komite (KEK)	Kristine Sele Heidi Larsen Wåge (vara)	Valborg Marie Sirnes
Vel møtt	Kjell Inge Bringedal Mette Lambach	Reidun Mjør (kontaktperson)
Vel heim	ingen frå Helse Fonna, men representant frå den regionale delen av prosjektet	Linda Andersson
Pakkeforløp psykisk helsevern voksne	Karl Olaf Sundfør	Nina Olsen Bernt Netland
Revisjon av samhandlingsavtale 3 og 5	Karin Olsen Vikse Else Berit Helle	Linda Andersson Astrid Håland
Kvalitet og forbedringsarbeid. (Ledd i forbedringsutdannelse innen psykisk helsevern)	Charlotte Nesse	Laila Mørch Charlotte Nesse

## Fagnettverk/ FOUSAM

Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Hardanger sjukehusområde	Bodil Ystanes	Jorunn Sekse
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Haugalandet sjukehusområde	Alf Anvedsen Heidi Wåge (vara)	Anna Hovland
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Sunnhordaland sjukehusområde	Else Berit Ingvaldsen Laila Stensletten (vara)	Sigrid Bøthun
Arbeidsgrupper i LM-nettverket	Else Berit Ingvaldsen Janne Elin Thronsen	AU i LM-nettverket

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Evaluering av LM nettverket</li> <li>• Helsepedagogikk</li> <li>• Utvikling av mestringstreff</li> </ul>	Karoline Taraldsøy	
Fagnettverk Akuttberedskap	Vurdert til ikke aktuelt	Jostein Helgeland Sigrid Bøthun (FOUSAM)
Fagnettverk Barn og unge	Janne Anita Steindal Jensen Emma Sofie Pedersen (ungdomsrådet)	Linda Hellen Sølvi Heimestøl (FOUSAM)
Prosjekt Bedre tverrfaglig innsats (BTI)	Else Berit Helle Ruth Gravdal (brukerbanken)	Bernt Netland
Fagnettverk IKT	Vurdert til ikkje behov	Paula A. Nordbø Sølvi Torvestad (FOUSAM)
Fagnettverk Tuberkulose	Vurdert til ikkje aktuelt	Eva Smith Gunn Marit Bakken (HVL) Marianne H. Wennessberg (FOUSAM)
Fagnettverk Øyeblikkelig hjelp Døgntilbud (ØHD)	Aud Edvinson Heidi Larsen Wåge (vara)	Tine Sparchlolz Sølvi Heimestøl (FOUSAM)
Fagnettverket Folkehelsenettverket	Jeanett Lilleaas Mathiassen Kristoffer Næsse	Svein Lauknes Ann-Kristin Berge Dahle (Tysvær) Tone Kringeland (HVL) (FOUSAM)
Fagnettverket Velferdsteknologi	Aud Edvinson Kjell Inge Brigidal (vara)	Gunhild B. Hjorth (USHT) Leif Steinar Alfsvåg (HVL)
Fagnettverk eldreomsorg og lindrende behandling	Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland	Grete S. Sørhus Sølvi Eide Lunde (HVL) Astrid Håland (FOUSAM)
Fagnettverk eldremedisin		Nina Hauge Marit Langesæter (HVL) Astrid Håland (FOUSAM)
Ressurspersoner for erfaringskonsulenter FOUSAM	Laila Stensletten	

## Bygg 2020 Arbeidsgrupper

Detaljprosjekt	Brukerrepresentant	Prosjektleder/kontaktperson
Styringsgruppen	Grete Müller	Olav Klausen
Mottaksavdeling (akuttmottak og obs. post)	Else Berit Helle	Sverre Lien

Operasjon/dagkirurgi (sammedagsmottak)	Grete Müller	Gunnar Sjøen
Ambulanse	Erling Netland	Sven Ytreland
Habilitering og PPU	Else Berit Ingvaldsen	Anne Margrethe Sørensen
Hjerte/lunge/MIO	Mette Lambach	Inger Magnusson Hauge
Føde/gyn.avdeling	Janne Elin Thronsen	Sidsel Petrine Vetås
Avdeling for eldremedisin	Heidi Larsen Wåge	Nina Hauge
Gastroavdeling	Anne Karin SørDAL	Bjørn Egil Vikse
Matforsyning	Kjell Inge Bringedal	Olav Vikre

## Brukarutvalet sine satsingsområde for 2020

Pasienttryggleik og kvalitet i heile helseforetaket sin virksomhet

Oppdragsdokumentet for 2020

Revidert helse- og sykehusplan

Pakkeforløp innan kreftdiagnosar og psykisk helse og rus

Forsking i foretaket

Oppfølging av Bygg 2020

Haugesund, 9. januar 2020

Brukerutvalget i Helse Fonna HF

Grete Müller

leiar